

Saksprotokoll i fylkestinget - 16.06.2021

Trude Brosvik (KRF) sette på vegner av KRF, A, SP fram slikt forslag:

«Fråsegn om fastlegeordninga

Fylkestinget i Vestland krev at det vert sett inn ein utvida og intensivert kraftpakke for å gjere det meir attraktivt for legar å arbeide som fastlege. Det kan gjerast ved

- at arbeidet med tiltaka i handlingsplan for allmennlegetenesta vert intensivert slik at fastlegane kan få økonomiske rammer og arbeidstid tilsvarande andre legar i offentleg helseteneste
- at finansieringa i opptrappingsplanen for allmennlegetenesta vert prioritert opp i vidare budsjettarbeid, utover ramma i handlingsplanen
- at grunntilskotet for nye fastlegar vil bli tilsvarande basistilskot for 700 listepasienter, ikkje 500 som er foreslått i planen
- at det skal innførast nasjonal ALIS-ordning, med like vilkår for alle nye allmennlegar, inkludert rettleiing, fast lønn og tilsetning under spesialistutdanning i allmennmedisin
- at dagens fastlege- og legevaktordning blir betre tilpassa unge legar sine ønskjer og behov
- at ein legg til rette for at fastlegeordninga i større grad kan gjennomførast med fast tilsetning i kommunen, og at økonomien til kommunane vert kompensert tilsvarande. Ein må sikre ordningar som gjer det lettare for fastlegar å kunne gjennomføre kompetanseheving.»

Avrøysting

Brosvik sitt forslag utan siste kulepunkt vart vedteke mot 3 røyster (FNB)

Brosvik sitt forslag, siste kulepunkt, vart vedteke mot 23 røyster (1U (Trym Aafløy), FNB, FRP, H, PP).

Vedtak

Fråsegn om fastlegeordninga

Fylkestinget i Vestland krev at det vert sett inn ein utvida og intensivert kraftpakke for å gjere det meir attraktivt for legar å arbeide som fastlege. Det kan gjerast ved

- at arbeidet med tiltaka i handlingsplan for allmennlegetenesta vert intensivert slik at fastlegane kan få økonomiske rammer og arbeidstid tilsvarande andre legar i offentleg helseteneste
- at finansieringa i opptrappingsplanen for allmennlegetenesta vert prioritert opp i vidare budsjettarbeid, utover ramma i handlingsplanen
- at grunntilskotet for nye fastlegar vil bli tilsvarande basistilskot for 700 listepasienter, ikkje 500 som er foreslått i planen
- at det skal innførast nasjonal ALIS-ordning, med like vilkår for alle nye allmennlegar, inkludert rettleiing, fast lønn og tilsetning under spesialistutdanning i allmennmedisin
- at dagens fastlege- og legevaktordning blir betre tilpassa unge legar sine ønskjer og behov
- at ein legg til rette for at fastlegeordninga i større grad kan gjennomførast med fast tilsetning i kommunen, og at økonomien til kommunane vert kompensert tilsvarande. Ein må sikre ordningar som gjer det lettare for fastlegar å kunne gjennomføre kompetanseheving.